Bremanger kommune

Vedteke i kommunestyret
17.10.2021

Kommunedelplanen sin samfunnsdel

2021–2033



Kommuneplanen sin samfunnsdel er kommunen sitt «politiske kompass», som skal vise kva kurs kommunen skal ha. Her definerer politikarane kva prioriterte mål dei har for utviklinga av Bremanger-samfunnet, og kva retningsliner dei vil at kommunen sin organisasjon skal arbeide etter.

Innhald

Ordføraren har ordet 5
Innleiing 6
1. Visjonen vår 8
2. Verdiane våre 9
3. Berekraftig utvikling som føresetnad 10
4. Gjennomgåande omsyn 12
5. Satsingsområda våre 14
6. Samfunnsmål: *slik vil vi ha det* 16
   - 6.1 Hovudmål *Arbeid og næring* 18
   - 6.2 Hovudmål *Bustader og bustadområde* 20
   - 6.1 Hovudmål *Fritid og kultur* 22
   - 6.4 Hovudmål *Kommunale tenester* 24
7. Overordna arealstrategi 26



Ordføraren har ordet



Eit godt lokalsamfunn får vi gjennom samarbeid og medverknad frå innbyggjarar, organisasjonar og næringsliv. Ein god dialog basert på openheit, tillit og respekt for andre sine synspunkt er ein føresetnad for å få dette til. Ut i frå dette har vi utarbeidd samfunnsplanen som skal reflektere visjon og mål for utvikling.

Bremanger kommune sin visjon, «leve, virke, nyte heile livet», seier mykje om korleis vi ønskjer at kvardagen til alle våre innbyggjarar skal vere.

Vi vil ha eit trygt og godt samfunn for barn, unge, vaksne og eldre.

Bremanger kommune med sitt særpreg og sine mogelegheiter har verkeleg mykje å by på. Vi har industri, fiskeri og jordbruk som viktige næringar. Næringar som gjev eit godt levegrunnlag, og som vi har eit særleg ansvar å ta vare på for oppveksande generasjonar. Saman med bedriftene skal kommunen arbeide for ei berekraftig, og framtidsretta utvikling med fokus på klima og miljø.

Vi er ein kommune som har naturperler som dei fleste berre drøymer om, kort veg frå fjell til fjære, høge fjelltoppar, sandkvite strender, kulturminne og isbre. I kommunen har vi mykje å vere stolte over, med mange attraktive og spektakulære turistmål. Desse skal vi i samarbeid med turistnæringa, frivillige lag og organisasjonar utvikle for å bli ein endå større turistkommune.

Våre kommunale tenester skal driftast til det beste for våre innbyggjarar. Vi arbeider derfor til ei kvar tid med å legge til rette for å utvikle organisasjonen vår ved å vektlegge god kompetanse og kvalitet i tenestene våre.

For å kunne arbeide best mogleg framtidsretta er vi avhengig av å spele på lag med våre innbyggjarar og saman utvikle heile Bremanger kommune til ein trygg stad å bu, og å flytte til.

Som ordførar ser eg fram til å arbeide vidare med å utvikle Bremanger kommune til ein framtidsretta og levedyktig kommune, med eit attraktivt lokalsamfunn som legg til rette for busetting og næringsutvikling. Saman skal vi skape vekst og bulyst!

Anne Kristin Førde
Ordførar

Innleiing

Kommuneplanen er det overordna og langsiktige mål- og styringsdokumentet for utvikling av Bremanger-samfunnet, og vedkjem alle som bur og jobbar i kommunen. Etter Plan- og bygningslova skal alle kommunar skal ha ein realistisk kommuneplan. Kommuneplanen skal «samordne den fysiske, økonomiske, sosiale, estetiske og kulturelle utviklinga i kommunen». Kommuneplanen består av ein strategisk samfunnsdel og ein arealdel der overordna disponering av kommunen sine areal vert fastlagd.

Regionale planar skal leggjast til grunn i det kommunale planarbeidet og er eit grunnlag for samfunnsdelen. I denne samanhengen er Utviklingsplan for Vestland (regional planstrategi) sentral. I utviklingsplanen er det utarbeidd fire målsettingar fort å sikre ei utvikling som er med på å føre oss mot ei miljømessig, sosial og økonomisk berekraft. Målsettingane fokuserer på verdiskaping og omstilling til grøn konkurransekraft basert på regionale fortrinn og innovasjon, klima og miljø som premiss for samfunnsutviklinga, lokalsamfunn som ramme for gode kvardagsliv og like moglegheiter for å delta i verdiskapinga. For å jobbe for felles mål i samfunnsutviklinga er det lagt til grunn av prioriteringane i samfunnsdelen av kommuneplanen støtter opp om målsetjingane i Utviklingsplan for Vestland.

Samfunnsdelen skal vise korleis vi fram mot 2033 skal utvikle tenestene, legge til rette for samfunnsutvikling og løyse oppgåver vi står ovanfor. Med kommuneplanen sin samfunnsdel tek Bremanger grep om kommunen si heilskaplege planlegging for framtida, både for lokalsamfunnet og for kommunen som organisasjon og tenesteytar. I planen tar vi stilling til langsiktige utfordringar, fastset mål og strategiar for kommunen, og legg grunnlag for dei strategiske planane.







Kommuneplanen sin samfunnsdel er retningsgjevande for kommuneadministrasjonen sine tilrådingar overfor kommunestyret, og for kommunestyret sine val av løysingar og tenester til innbyggjarane i planperioden. Samfunnsdelen dannar og grunnlag for prioriteringar i kommuneplanen sin arealdel.

Konkrete tiltak etter samfunnsplanen skal prioriterast og følgjast opp gjennom kommunen sine temaplanar og årlege økonomi og handlingsprogram.

Bremanger kommune si hovudutfordring framover er folketalsutvikling og demografi. Vi vert stadig fleire eldre og får færre yrkesaktive innbyggjarar. For å skape vekst og utvikling treng vi tilflytting. Kommunen må bli ein meir attraktiv plass å flytte til, og det må verte meir attraktivt å bli verande her. Vi ønskjer også at det skal vere attraktivt å besøke Bremanger, og at det blir endå meir attraktivt å skape og drive næring for framtida i kommunen.

Skal vi lukkast, må det skapast ein utviklings- og endringskultur der vi får ei brei mobilisering for å auke kommunen sin attraktivitet.

Bremanger kommune ønsker å utvikle og etablere samfunnsplanlegginga som ein kontinuerleg prosess, og vil prøve ut nye tiltak for å auke attraktiviteten og utvikle den lokale identiteten og stoltheita.

Det vert i samfunnsplanen lagt grunnlag for ei positiv utvikling av kommunen. Unik natur, gode kommunale tenestetilbod og tilgang på naturressursar gjev grunnlag for berekraftig næringsutvikling knytt til t.d. havbruk, fiskeri, fornybar energi, mineralnæring, turisme og landbruksrelaterte næringar.

Vi skal utvikle ein endå meir effektiv kommune-organisasjon som er tilpassa folketal, demografi og økonomi. Effektivitet og kvalitet på tenestene skal utviklast gjennom tett samarbeid på tvers av fag og sektorar.

Kommunen vil ikkje kunne løyse alle utfordringane åleine. Det skal såleis leggjast stor vekt på samarbeid med statlege, regionale og kommunale mynde, interesseorganisasjonar, andre institusjonar, lag/grendelag og organisasjonar som vert påverka av innhaldet i planen.

FN sine berekraftsmål, FN sin barnekonvensjon og FN-konvensjonen om rettane til menneske med nedsett funksjonsevne legg føringar for samfunnsplanen vår.



1.
Visjonen vår

I Bremanger kommune skal alle innbyggjarane ha god livskvalitet, i alle livsfasar!

Visjonen er ei framtidsretta skildring av korleis kommunen ønskjer å bli og skal motivere dei som bur, jobbar og ønskjer å etablere seg i Bremanger. Utviklinga av Bremanger som kommune er eit felles ansvar, der kommune, innbyggjarar, dei som har sitt virke og alle som elles ferdast i Bremanger må stå saman for å få dette til. Visjonen definerer den opplevinga vi ønskjer innbyggjarane i Bremanger skal ha og det kommune-organisasjonen skal strekke seg etter.

VISJON

Leve, virke, nyte – heile livet!



2.
Verdiane våre

Det er utforma tre verdiar for kommunen. Dette er verdiane vi tuftar arbeidet vår på. Verdiane seier noko om kven og kva vi ønskjer å vere, både som einskildindivid, kommune-organisasjon og samfunn. Verdiane skal vere styrande for korleis vi kommuniserer og prioriterer, og dei skal støtte opp om ambisjonane våre for utviklinga av Bremanger-samfunnet.

OPEN

- Vi inviterer til samarbeid og medverknad
- Vi legg til rette for innsyn
- Vi møter alle med respekt

FRAMTIDSRETTA

- Vi er pådrivarar for at Bremangersamfunnet skal møte morgondagens utfordringar
- Vi fokuserer på utvikling og forbetring
- Vi er modige og tør å finne nye løysingar

TRUVERDIG

- Det er samsvar mellom ord og handling
- Vi er føreseielege og profesjonelle

3.
Berekraftig utvikling som føresetnad

Bremanger kommune vert som alle andre lokalsamfunn påverka av globale trendar/endringar:

- Demografisk utvikling
- Klimaendringar og tap av naturmangfald
- Globalisering og urbanisering.

Demografien er prega av færre fødde, auka levealder, nye helseutfordringar og auke i flyttestraumar.

Klimaendringane fører til naturkatastrofar og påverkar grunnleggande tilgang til naturressursar.

Globaliseringa skjer kontinuerleg. Samfunn, kultur og økonomi utviklar seg på tvers av landegrenser. Digitaliseringa gjer fysisk avstand mindre relevant. Samstundes skjer det ei urbanisering ved at fleire vel å bu sentralt. Dette fører til at konkurransen om innbyggjarar og arbeidskraft aukar.



FN SINE BEREKRAFTSMÅL


Berekraftsmåla består av 17 mål og 169 delmål som skal gje ei felles global retning for land, næringsliv og sivilsamfunn. Måla vert delt inn i tre dimensjonar – økonomisk, sosial og miljømessig berekraft. Noreg har forplikta seg til å arbeide for å nå måla og berekraftsmåla har såleis stor innverknad på norsk politikk – både i kommunar og lokalsamfunn og nasjonalt.

Berekraftig utvikling handlar om å ta vare på behova til menneska som lever i dag, utan å øydelegge framtidige generasjonar sine moglegheiter til å dekke sine behov. Og sjølv om mange av måla allereie er oppfylte i Noreg, står det att mykje arbeid også her.

Bremanger kommune har på lik line med mange andre kommunar utfordringar knytt til dei tre dimensjonane i berekraftsmåla. Klimaendringane påverkar oss, det er forventa lågare økonomisk vekst ved at vi vert færre yrkesaktive, og ulikskapen i samfunnet aukar.

I «Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2019-2023» gjev regjeringa føringar for at kommunane skal leggje FN sine berekraftsmål til grunn for samfunns- og arealplanlegginga. Kommunen skal nytte mellom anna berekraftsmåla som verktøy for å utvikle samfunnet i ei retning som gjev berekraftige lokale løysingar, som og bidreg globalt.

Dei tre dimensjonane i berekraftsmåla (fig. 1):



BREMANGER KOMMUNE SINE UTVALTE BEREKRAFTSMÅL:


Med utgangspunkt i Bremanger kommune sin visjon for samfunnsutviklinga er følgjande berekraftsmål valt (fig. 2):



4. Gjennomgåande omsyn

Einskilde tema går på tvers av teneste- og utviklingsområda og er sentrale for kommunen si utvikling. Desse gjennomgåande temaa påverkar og vert påverka av kommunen sine prioriteringar og må takast omsyn til i all planlegging.

Nedanfor er dei gjennomgåande omsyna som Bremanger kommune legg vekt på når samfunnsmåla vert fastsett og retningsval og tiltak vert prioritert skildra.



FOLKEHELSE

Bremanger kommune har ei plikt til å ha oversyn over og til å fremje folkehelsa. Oppgåva omfattar å førebyggje psykisk og somatisk sjukdom, leggje til rette for trivsel og bidra til å verne innbyggjarane mot faktorar som kan ha negativ innverknad på helse.

Innsatsen skal og bidra til utjamning av sosial ulikskap som direkte eller indirekte påverkar helsa.

GRØNE VAL

For å sikre livsgrunnlaget og naturmangfaldet for framtidige generasjonar må samfunnet omstillast til eit lågutsleppssamfunn. Dette krev sparing og omlegging av energi i alle sektorar. Det er ei forventning om at kommunane tek ei aktiv rolle i denne omstillinga. I Bremanger kommune vil vi planlegge areal og transport slik at klimautsleppa vert minst moglege.






INFRASTRUKTUR

Ein god infrastruktur er ein føresetnad for at samfunnet fungerer effektivt. Infrastruktur omfattar m.a. vegar, hamner, kraftforsyning, vatn- og avlaupsnett, avfallshandtering og det digitale nettverket. Digital kommunikasjon er sentralt i eit moderne samfunn og eit godt nett er viktig for skulane, helsetenestene, næringslivet, naudetatane og innbyggjarane elles.

God mobilitet og effektive transportløysingar er av stor betydning for samfunnsutviklinga.

Det er viktig at Bremanger kommune har ein framtidsretta og robust infrastruktur som fremjar samfunnsutvikling og verdiskaping, er miljøvennleg og klimatilpassa og sikrar god beredskap.



BEREDSKAP/TRYGGLEIK

Kommunen har eit generelt og grunnleggjande ansvar for å ivareta innbyggjarane sin tryggleik innanfor eige geografisk område. Både som verksemd og pådrivar overfor andre aktørar. Dette utgjer det lokale fundamentet i den nasjonale beredskapen.

Bremanger kommune arbeider systematisk og heilskapleg med samfunnstryggleik på tvers av sektorane i kommunen.

Kommunen sin beredskap byggjer på ein heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse, der sannsynet for uønska hendingar og konsekvensar av desse vert vurdert.

Ein sentral del av beredskapsarbeidet er å identifisere risiko og setje i verk førebyggjande tiltak for uønska hendingar.

5.
Satsingsområda våre

Bremangersamfunnet si hovudutfordring i åra framover er folketalsutviklinga. Og dersom vi skal ha busetnad i bygdene i Bremanger i framtida, må vi gjere Bremanger-samfunnet attraktivt. I følgje Telemarks-forskning kan stader vere attraktive på tre måtar. Desse kan forklare utviklinga på staden og danne grunnlag for utviklingsstrategiar.




Fig: Attraktivitetspyramiden (Telemarksforskning)

Alle stader er attraktive på ein eller annan måte. Etter at betre kommunikasjonar har gjort det mogleg å pendle over større avstandar, kan nokre stader vekse fordi det er gunstig å bu der. Nokre stader er attraktive fordi det er gunstig å produsere noko som kan eksport-erast til andre stader, medan nokre stader er attraktive fordi dei trekk til seg besøkande som skaper arbeids-plassar i besøksnæringar.

Trendane i utviklinga i tal arbeidsplassar i Noreg er at basisnæringane krympar og utgjer stadig mindre del av sysselsettinga. Besøksnæringane aukar og vert rel-ativt sett viktigare. Lokale næringar aukar mest, men er avhengig av bustadsattraktivitet. Flytting vert ofte forklart med vekst i tal arbeidsplassar: At folk flyttar til stader med arbeidsplassvekst og folk flytter frå stader med arbeidsplassnedgang. Men mange kommunar har flytting som avvik sterkt frå dette mønsteret. Nokre kommunar har innflytting langt over det arbeid-splass-veksten skulle tilseie. Desse er attraktive som bustadkommunar. Det sentrale spørsmålet er då kva som gjer desse kommunane attraktive. Er det kultur, omdømme, identitet, toleranse, eller natur og frilufts-mulegheiter?

Konklusjonane er at dei mest sentrale tiltaka for at ein stad skal bli attraktiv som stad å bu er å:

1. Stimulere til bustadbygging og renovering/ oppgradering av eksisterande bustader
2. Skape sosiale møteplassar og sentra
3. Leggje til rette for betre kommunikasjon for pendlarar
4. Ta vare på innvandrarar og andre tilflyttarar
5. Sikre nærfriluftsområde

For å bli meir attraktive for bedrifter, så er det viktigaste at vi:

1. Blir attraktive for kompetente (kompetansearbeidsplassar)
2. Samarbeider over kommunegrenser
3. Satsar på innovasjon og nettverk


Og for å bli attraktiv som besøkskommune, så må vi leggje til rette for:

1. Tenester og opplevingar for eigne innbyggjarar
2. Tenester og opplevingar for andre i regionen
3. Teneste og opplevingar for langvegsfarande
4. Hyttebygging/overnatting

Dette handlar mykje om å leggje til rette for opplevingar og kulturelle aktivitetar.

Elles handlar suksess om at ein har ein offensiv og optimistisk utviklingskultur, at det er kort veg mellom idear og avgjerder, og at eldsjelene vert gjeve tillit og handlingsrom. Dei lukkast der menneska på staden evnar å snu seg raskt og gripe tak i dei moglegheitene som byr seg. Lokalsamfunna som lukkast har i dei fleste tilfella ein kommune med på laget som evnar å vere tilretteleggjar, døropnar, pådrivar og støttespelar. Kommunane som lukkast best er kjenneteikna av at kulturen i kommuneorganisasjonen har eit sterkt innslag av samarbeid, ekstern merksemd og entreprenørskap. I tillegg til å levere gode basistenester til innbyggjarane, må kommuneorganisasjonen såleis vere prega av ein offensiv kultur.

Med dette «bakteppet» har ein vald å prioritere følgjande fire hovudtema i kommuneplanarbeidet:



6.

SAMFUNNSMÅL

Slik vil vi ha det

Overordna mål:
Bremanger kommune er eit framtidsretta samfunn som tek vare på naturgjevne fortrinn, kulturell identitet og som har levande lokalmiljø. Kommunen har høg bustads-, arbeids- og besøksattraktivitet og er i vekst.



Kommunen si samfunnsutvikling skal styrke lokalsamfunnet, bidra til at kommunen er utviklingsorientert og attraktiv, og syte for at Bremangersamfunnet er rusta til å møte framtida. Dette er viktig for dei som bur og driv næringsaktivitet her, men og for å trekkje til oss nye innbyggjarar, næringsaktørar og tilreisande.

Samfunnsutvikling omfattar eit vidt spekter av tema og aktivitetar og det går ikkje noko klart skilje mellom kommunen sine driftsoppgåver og utviklingsoppgåver. Samfunnsutvikling er ein kontinuerleg prosess som omfattar rein tenesteproduksjon, men og utviklingsprosjekt på tvers av fagområde.

Lokal samfunnsutvikling er eit felt der kommuneorganisasjonen samarbeider med ulike grupperingar både i og utanfor kommunen. Utviklinga skjer i samarbeid med andre kommunar, fylkeskommunen og staten, men og med næringsliv og frivillige organisasjonar m.m. Bremanger kommune ønskjer å vere ein offensiv og framtidsretta samfunnsutviklar.

DELMÅL	VEGVAL – SLIK SKAL VI NÅ MÅLET
I Bremanger kommune har innbyggjarane god livskvalitet gjennom heile livet	» Syte for «livsfaseperspektiv» i tenester og samfunnsutvikling » Sikre trygg og god oppvekst som kvalifiserer til eit godt vaksenliv » Stimulere til deltaking i arbeids- og samfunnsliv » Aktivt fremje inkludering og likeverd, og motverke utanforskap, mobbing og rasisme på alle samfunnsarenaer » Leggje til rette for fysisk aktivitet, mangfaldig kulturliv og helsefremjande tiltak
Bremanger kommune har vitale lokalsamfunn	» Vidareutvikle møteplassar, handelsstader (t.d. nærbutikken) og arenaer for oppleving og kultur. » Ha ei areal- og bustadplanlegging som legg til rette for aktivitet og sosiale møteplassar » Stimulere frivilligarbeidet blant innbyggjarane til positive tiltak.
Bremanger kommune har ein eigenart prega av varierte naturkvalitetar	» Nytte lokal identitet og ressursar som drivkraft i samfunnsutviklinga » Leggje natur-, klima-, og miljøperspektiv til grunn i all planlegging » Gjere kulturminna kjende lokalt, regionalt og nasjonalt.
Bremanger kommune har trygge, sunne og attraktive bumiljø for alle	» Tilpasse bustadmassen og bumiljøa til alle aldersgrupper med variasjon i prisnivå, utforming og storleik » Basere bumiljø på universell utforming og prinsippa for livsløpstandard
Bremanger kommune har eit levande og ope lokaldemokrati som bidreg til heil-skaplege, føreseielege og framtidsretta løysingar	» Ha opne avgjerdsprosessar og dialog med innbyggjarane og medverknad i planlegging og tenesteutvikling » La heilskaplege vurderingar ligge til grunn for einskildavgjerder » Fremje politisk deltaking, medverknad og demokratiforståing i alle aldersgrupper og samfunnslag

FOLKEHELSE

Folkehelseperspektivet er grunnleggjande i samfunnsutviklinga og skal ivaretakast i all kommunal verksemd.

GRØNE VAL

Kommunen skal ta omsyn til klima og miljø i all planlegging og teneste-produksjon.

INFRASTRUKTUR

Utvikling av infrastrukturen er grunnleggjande for utviklinga av Bremanger-samfunnet.

BEREDSKAP/TRYGGLEIK

Systematisk arbeid med samfunns-sikkerheit skapar trygge rammer for vekst og utvikling.

6.1
HOVUDMÅL
Arbeid og næring



Bremanger kommune har eit økonomisk og miljømessig berekraftig næringsliv og høg sysselsetjing i befolkninga.



Verdiskaping er grunnlaget for velferd, vekst og utvikling. Ein kommune med høg verdiskapingsevne er prega av høg sysselsetjing, god lønsevne i privat og offentleg sektor og gode resultat i næringslivet.

Høg sysselsetjing gjev ikkje berre kommunen eit godt økonomisk grunnlag, det er og svært viktig for å redusere utanforskap i form av mangel på arbeid. Det er såleis sentralt eit mål å ha arbeidsplassar som i størst mogleg grad er tilpassa befolkninga sitt behov og kompetanse, både lokalt og i pendlaravstand. Eit velfungerande og mangfaldig lokalt næringsliv er viktig. Det bidreg til arbeid innan rimeleg avstand og tilfører Bremanger kommune kompetanse som gjev positive ringverknader og aukar bustadattraktiviteten.

Sesongsvingingar pregar delar av kommunen sitt næringsliv. Dette gjeld reiselivsnæringa og fiskeforedlingsindustrien. Dette er ei utfordring m.o.t. stabilitet i bemanninga og rekruttering.

Framover ligg det ei utfordring i å leggje til rette for vekstnæringar som representerer høg verdiskaping og samstundes spelar på lag med Bremanger kommune sine naturgjevne fortrinn.

Det vil og vere viktig å vidareutvikle dei regionale samarbeida om næringsutvikling og leggje til rette for pendling i regionen.



DELMÅL	VEGVAL – SLIK SKAL VI NÅ MÅLET
Bremanger kommune har høg sysselsetting	» Ha tett samarbeid med NAV, Næringsrådet og andre lokale og regionale aktørar om utvikling av private og offentlege arbeidsplassar for å inkludere flest mogleg i arbeidslivet » Stimulere til samarbeid mellom skule og næringsliv m.o.t. førebuing til arbeidslivet
Næringslivet i Bremanger har god innovasjonskraft og vekstevne	» Leggje til rette areal og infrastruktur og sikre lett tilgjengeleg informasjon om tilboda » Vere i dialog med næringslivet og ha effektiv sakshandsaming » Ha føreseielege og oppdaterte planverk » Støtte opp om lokale kompetansemiljø/ «klynger» » Støtte opp om innovasjon og entreprenørskap i barnehage, skule og næringsliv
Bremanger kommune har robuste og levedyktige primærnæringar	» Arbeide for framtidsretta utvikling av primærnæringane ved m.a. å stimulere til aktivt landbruk, skogbruk og fiskeri og ha tilrettelagte fiskerihamner.
Bremanger kommune sin næringsstruktur er miljøvennleg og godt tilpassa kommunen sin eigenart	» Leggje til rette for næringar som ivaretek naturgjevne fortrinn. » Ha rett verksemd på rett plass ut i frå næringstilhørsle » Støtte opp om utvikling av kompetansebedrifter » Fremje berekraftig akvakultur, fiskeri og reiselivsutvikling

FOLKEHELSE

Utvikling av eit variert næringsliv bidreg til betre folkehelse gjennom mulegheit for arbeid, inntekt og deltaking i samfunnslivet.

GRØNE VAL

Klima og miljø er ein føresetnad for sosial og økonomisk berekraft. Å gjere grøne val er såleis avgjerande i næringsutviklinga i Bremanger.

INFRASTRUKTUR

Næringslivet er avhengig av god infrastruktur for å kunne utvikle seg. God infrastruktur vil og kunne trekke nye verksemder til kommunen.

BEREDSKAP/TRYGGLEIK

Systematisk og heilskapleg arbeid med samfunns-tryggleik reduserer sannsynet for uønska hendingar og bidreg til tryggleik for næringslivet.

6.2
HOVUDMÅL
Bustader og bustadområde



Bremanger kommune har ein framtidsretta og utviklande bustad-politikk som legg til rette for auka etablering og folketalsutvikling, fremjar integrering og gode bumiljø.



Bustad er først og fremst eit personleg ansvar. Folk kjøper og sel bustader i ein fri marknad, og bustad-bygginga skjer i ein marknad. Kommunen si primære oppgåve er å leggje til rette for at folk kan klare seg best mogleg på eiga hand. Likevel er det utfordringar som den offentlege bustadpolitikken skal bidra til å løyse. Visjonen for norsk bustadpolitikk er at alle skal bu trygt og godt. Ambisjonen er bustader for alle i gode bumiljø; trygg etablering i eigd og leigd bustad; samt butilhøve som fremjar velferd og deltaking.

Bustadpolitikken gjeld for heile landet, men utfordringane er ulike. For ein distriktskommune som Bremanger er utfordringane m.a. knytt til folketalsnedgang og tomme bustader, men og manglande tilgang på gode og attraktive bustader til tilflyttarar. Bustadetablering er viktig for Bremanger sin attraktivitet og vi må ha fokus på å leggje til rette for utvikling av gode og attraktive butilbod, til både arbeidsinnvandrarar, tilbakeflyttarar, unge etablerarar og vanskelegstilte.

Erfaringane frå korona-pandemien viser at mange prioriterer å jobbe frå fritidsbustaden sin når det er tilrettelagt infrastruktur. Dette er eit potensiale som Bremanger bør utnytte i høve fast busetnad.

DELMÅL	VEGVAL – SLIK SKAL VI NÅ MÅLET
Auke bustadbygginga i Bremanger	» Leggje til rette for bustadbygging i arealplan » Vere ein aktiv pådrivar for realisering av regulerte tomteareal, gjerne i samarbeid med private aktørar » Støtte opp om private reguleringsplanar » Ha kommunale tiltak som stimulerer til bustadbygging og renovering av gamle hus til bustadføremål.
Redusere tal tomme bustader i bygdene	» Aktivt bruke konsesjonslova og plan- og bygningslova som bustadpolitiske verkemiddel.
Bustadutviklinga skal følgje befolkninga sitt bustadbehov m.o.t. tal bustader, bustadtypar og lokalisering	» Utvikle ein heilskapleg bustadpolitikk i samarbeid med næringslivet » Arbeide for at det bustadsosiale arbeidet skal vere integrert i bustadpolitikken
Bidra til å skape eit aldersvennlege samfunn	» Satse på sentrumsutvikling og sentrumsnær bustadutvikling med kort avstand til dei kommunale tenestene
Auka busetnad gjennom å tillate bruksendring frå fritids- til bustadføremål	» Tillate busetting i fritidsbustader innanfor definerte område som har heilårsveg, straum, vatn og avlaup » I område der det er tillate med spreidd bustad- og fritidsbustader bør det vere tillate med bruksendring og stimulerast til busetting i fritidsbustader, når naudsynt infrastruktur elles er på plass
Bremanger kommune skal ha eit godt og breitt tilbod for møte- og aktivitetsplassar for dei ulike bustads- og oppvekstområda	» Satse på møteplassar som grendehus, uteområde og tilrettelegging som fremjar folkehelse, tilhøyrsle og fysisk aktivitet » Vektlegge universell utforming, god byggeskikk og estetikk skal vektleggjast i arbeidet » Ha ein aktiv strategi for gang- og sykkelvegar
Legge til rette for «prøvebuing»	» Stimulere til å auke i tal utleigebustader / gjennomgangsbustader med god standard » Ha eigne gjennomgangsbustader for tilflyttarar som vert tilsett i kommunen.

FOLKEHELSE

Helsa blir skapt der folk lever og bur. Omsynet til bustaden, bu-, nærmiljøet og lokalsamfunnet må inkluderast i arbeidet for god folkehelse. Å ha ein god og trygg bustad er i seg sjølv bra for helsa. Bustadene må også vere utforma slik at dei kan førebyggje sjukdom og skadar, og slik at dei utgjer ei ramme for helsefremjande og førebyggjande arbeid.

GRØNE VAL

Under utbygging må vi bidra til reduksjonar av direkte og indirekte klimagassutslepp. Kommunen kan gjere dette gjennom si rolle som planmynde.

Via planlegging og krav til utbyggjar kan kommunen som lokal mynde og stille krav om at det vert lagt til rette slik at bebuarane enklare kan ta grøne val.

INFRASTRUKTUR

Tomtar med etablert infrastruktur (VVS) er meir attraktiv for utbygging.

Lademulegheiter for el-bil, tilgang til breiband samt trygge vegar for alle trafikantar bidreg til å auke attraktiviteten ytterlegare.

BEREDSKAP/TRYGGLEIK

Systematisk og heilskapleg arbeid med samfunnstryggleik reduserer sannsynet for uønska hendingar og bidreg til tryggleik i nærmiljøa.

Samarbeid med lokale lag/-organisasjonar vil bidra til å auke beredskapen.

6.3
HOVUDMÅL
Fritid og kultur



Bremanger kommune har eit mangfaldig og inkluderande kultur- og fritidstilbod der innbyggjarar kan møtast og trivast. Kommunen syte for eit godt kulturtilbod for alle gjennom satsing på bibliotek og kulturskule og vere ein positiv bidragsytar til frivillige lag og organisasjonar



Kultur, friluftsliv og deltaking i samfunnsliv bidreg positivt til innbyggjarane sin livskvalitet og fremjar folkehelsa. Samling rundt felles aktivitetar blir stadig viktigare i ei tid der mange tradisjonelle sosiale og kulturelle band vert utfordra. Eit levande lokalsamfunn aukar bustadattraktiviteten og kommunen har ei viktig rolle for å leggje til rette for gode opplevingar i eit trygt og stimulerande fellesskap.

Kommunen har også ei rolle i høve å ivareta den lokale kulturarven. Kulturarven representerer samfunnet si historiske plattform, skaper forståing for eigne tradisjonar og dannar premissar for korleis samfunnet skal utvikle seg vidare.

Frivillige lag, organisasjonar og enkeltindivid har ei viktig rolle og deira innsats utgjer eit vesentleg bidrag til lokalsamfunnet. I tillegg til eit bredt og godt tilbod i den kommunale kulturskulen blir mykje av kultur- og idrettsarbeidet utført på frivillig basis. Dette skaper engasjement, inkludering og gode sosiale møte-plassar. Kommunen si rolle i høve det frivillige er å vere støttespelar, tilretteleggjar, koordinator og rettleiar.

Bremanger kommune vil leggje til rette for aktivitetar for alle innan kultur, idrett og friluftsliv og stimulere det frivillige organisasjonslivet som arena for trivsel, engasjement, læring og livskvalitet. Kommunen skal også bidra til at kulturarven vert ivareteke.

DELMÅL	VEGVAL – SLIK SKAL VI NÅ MÅLET
Kommunen skal syte for opne møteplassar og arenaer for demokratibygging i biblioteket	» Satse på eit ope og inkluderande bibliotek for alle aldersgrupper og innbyggjarar
Kommunen skal syte for opne, inkluderande tilbod og aktivitetar gjennom eit bredt kulturskuletilbod for alle	» Satse på kulturskulen som ein viktig aktør for å bekjempe utanforskap og forskjellar i samfunnet. » Gje innbyggjarane gode kulturtilbod for å fremje bulyst.
Lag og organisasjonar skal bidra til gode møtestader og gode opplevingar, både sosialt og kulturelt	» Vidareutvikle frivilligsentralen » Utvikle godt samarbeid med frivillige lag og organisasjonar
Kommunen bidreg til at frivillige lag og organisasjonar har gode rammevilkår som gjer at ein kan gje gode aktivitetstilbod til barn og unge.	» Leggje til rette for bruk av kommunale bygg/anlegg » Bidra til at det vert søkt om støtte til anlegg via tippemidlar og eventuelle andre støtteordningar, og bistå lag og organisasjonar med søknadsskriving. » Støtte lag og organisasjonar gjennom årleg tilskotsordning – prosjektmidlar til kulturføremål
Kommunen bidreg til auka interesse og merksemd rundt kommunen si historie og kulturminne	» Følgje opp handlingsdelen i kulturminneplanen gjennom løyvingar i budsjett/handlingsplan » Samarbeide med aktuelle kompetansemiljø, næringsliv, lag og foreiningar om utstillingar, samlingar og andre tiltak.
Leggje til rette for kulturaktivitetar for menneske i ulike livsfasar og føresetnader	» Arbeide tverrsektorielt og i samarbeid med lag og organisasjonar for å tilby lågterskeltilbod til innbyggjarar med ulikt funksjonsnivå og i alle aldersgrupper
Leggje til rette for eit aktivt friluftsliv i folkehelseperspektivet	» Samarbeide med næringsliv og organisasjonar for at innbyggjarar og besøkande, i alle aldrar og med ulike funksjonsnivå, kan vere fysisk aktive i naturen.

FOLKEHELSE

Kultur, idrett og friluftsliv og organisasjonsarbeid betyr mykje for folkehelsa. Deltaking på desse områda bidreg til sosial integrasjon og fremjar helse i alle aldersgrupper og kulturar.

GRØNE VAL

For klima og miljø er friluftsliv viktig. Tilrettelegging av friluftsliv bidreg til naturopplevingar og kunnskap. Auka kunnskap rundt klima og miljø og bruk av naturen til friluftsliv bidreg til auka motivasjon til å ta vare på naturen.

INFRASTRUKTUR

Med tanke på integrering og deltaking av alle grupper av innbyggjarar i kultur- og friluftsliv må forholda vere tilrettelagt m.o.t. transport og tilgjengelegheit.

BEREDSKAP/TRYGGLEIK

Samfunnstryggleik har stor betydning for folk si livsutfalding og for at ulike sosial arenaer fungerer.

6.4
HOVUDMÅL
Kommunale tenester



Bremanger kommune leverer kvalitetsmessig gode og stabile tenester. Kommuneorganisasjonen har stor tillit blant innbyggjarane og er ein attraktiv arbeidsgjevar.



Den demografiske utviklinga vil gjere det krevjande å oppretthalde alle dagens ordningar og tilbod og vi må finne nye måtar å løyse oppgåvene på. For å levere gode tenester med kvalitet til innbyggjarane må kommuneorganisasjonen vere i stand til å tilpasse tenestene og organiseringa etter behov og tilgjengelege ressursar. Dette krev heilskapleg tenking, tverrfaglege løysingar og eit økonomisk handlingsrom som gjer at ein er i stand til følgje med i utviklinga. Kommuneorganisasjonen må ha gode kommunikasjonssystem på tvers av sektorar og hierarki. Leiinga på alle nivå må bidra til felles løysingar som gjev eit likeverdig tilbod.

Dei tilsette er kommunen sin viktigaste ressurs og det er avgjerande å sikre tilgangen på kompetent arbeidskraft i tillegg til å utvikle og behalde eksisterande kompetanse i kommuneorganisasjonen.

Bremanger kommune skal ha fokus på etikk og kommuneorganisasjonen sitt arbeid skal vere transparent og ope for innsyn.



DELMÅL	VEGVAL – SLIK SKAL VI NÅ MÅLET
Bremanger kommune utviklar tenestene sine med fokus på førebygging og tidleg innsats for betre levekår	» Ha tverrfagleg samarbeid med fokus på heile livslaupet for tenestemottakarar og setje inn tiltak tidleg når det er naudsynt » Utvikle tenester og handlingsplanar basert på systematisk bruk av tilgjengeleg kunnskapsgrunnlag » Sikre brukarmedverknad » Sikre trygge oppvekstvilkår for alle med likeverdige og gode opplæringsarenaer, der barn og unge opplever mestring ut i frå eigne føresetnader » Samarbeide med frivillige om tilbod til brukarar
Bremanger kommune er ein attraktiv arbeidsgjevar med meiningsfulle og trygge arbeidsplassar	» Ha ein arbeidsgjevarpolitikk som bidreg til ein kompetent og serviceorientert organisasjon » Ha ei leiing som er prega av involvering, tydelegheit og handlekraft » Ha ei velfungerande verneteneste og eit godt samarbeid med dei tilsette sine organisasjonar
Bremanger kommune sine tilsette er den viktigaste ressursen for på tilby gode tenester til innbyggjarane	» Sikre rett rekruttering og utvikling av medarbeidarar. » Ha eit trygt og godt arbeidsmiljø som er helsefremmande og som skaper trivsel.
Bremanger kommune sine tilsette har kompetanse og kultur som møter krav for framtida	» Leggje til rette for kompetanseutvikling og innovasjon » Arbeide for heiltidsstillingar » Tilby lærling- og praksisplassar
Bremanger kommune har fokus på helse, miljø og tryggleik	» Ha eit fullt forsvarleg arbeidsmiljø for dei tilsette » Dei tilsette trivast og tek ansvar for det dei sjølve føretek seg, og gjer det som er naudsynt for å hindre skade på seg sjølve, andre, utstyr og produkt » Arbeide mot at sjukefråværet i gjennomsnitt ikkje er over 7 % » Syte for at alle med personalansvar har den naudsynte HMT-kompetansen » Ikkje påføre naboar og fysiske omgjevnader skade eller miljøbelastning
Bremanger kommune har ei profesjonell forvaltning som leverer effektive og gode løysingar med høg kvalitet og god ressurs-utnytting.	» Arbeide for fleire digitale tenester og god, open og lettfatteleg informasjon på kommunen sine digitale plattformer/informasjonskanalar » Ha ein kultur for tverrfagleg samarbeid for utvikling av tenestene » Ha effektiv sakshandsaming i alle sektorar
Bremanger kommune er kjent for å vere ærleg og open i all si verksemd	» Forvalte fellesskapet sine midlar i samsvar med kommunen sine etiske retningsliner. » Leggje til rette for brei innbyggjarmedverknad.
Bremanger kommune har ein økonomi som sikrar eit godt og stabilt velferdstilbod.	» Ha eit driftsnivå som er tilpassa inntektsrammene og ei god økonomiforvaltning som sikrar kommunen økonomisk handlingsrom.
Bremanger kommune skal vere ein konstruktiv medspelar for utvikling av regionen og fylket	» Samarbeide med nabokommunar om utvikling av effektive og brukarvennlege tenester. » Delta aktivt for å løyse viktige regionale fellesoppgåver og styrke regionen sin posisjon i fylket.

FOLKEHELSE

Kommunen sine tilbod og dei tilsette sin kompetanse og innsats skal bidra til ein sunn livsstil og god helse for innbyggjarane.

GRØNE VAL

Bremanger kommune skal bruke moderne teknologi for å redusere forbruk og utslepp frå kommunal verksemd.

INFRASTRUKTUR

Bremanger kommune skal ta i bruk tilgjengeleg infrastruktur til å vidareutvikle og effektivisere tenestene.

BEREDSKAP/TRYGGLEIK

Bremanger kommune skal ha ein oppdatert krise- og beredskapsplan med klar rolle- og ansvarsdeling.



7.
Overordna arealstrategi

Den overordna arealstrategien er bindeleddet mellom Bremanger kommune sin samfunnsdel og arealdel. Overordna arealstrategi definerer hovudprinsippa for Bremanger kommune sin langsiktige arealbruk, arealforvaltning og stadutvikling.

Arealstrategien skal bidra til å styre utviklinga i ønskt retning, og byggjer såleis på kommunen sin visjon og samfunnsmål. FN sine berekraftmål og omsynet til samfunnstryggleik skal leggjast til grunn for all arealplanlegginga. Dette skal bidra til å utvikle samfunnet i ei retning som gjev berekraftige lokale løysingar, som og bidreg globalt.

For at arealplanen skal kunne vere eit bidrag i arbeidet med å gjere Bremanger til ein attraktiv stad for busetjing, etablering av bedrifter og destinasjon for turistar, er følgjande tema sentrale:

- Byggjeområde for næring og bustad
- Sjøområde og strandsone
- Jordvern, landbruk og friluftsliv
- Infrastruktur
- Friluftsliv, naturmiljø, kulturlandskap/ kulturminne og kulturmiljø
- Vassmiljø
- Akvakultur og fiskeri
- Naturressursar





AREALSTRATEGI FOR BUSTADER

- Ha fokus på fortetting i tettstadane for å redusere transportavstandar og auke høvet til gang- og sykkeltransport mellom bustad og private og offentlege tenester.
- Leggje til rette for ulike bustadtypar i tettstadane og i tettbygde område for å fremje integrering og redusere sosial ulikskap.
- Nye bustadfelt skal leggjast i tilknyting til tettstadar og etablert infrastruktur.
- I tettbygde område/regulerte bustadområde skal det ikkje tillatast bruksendring frå bustad- til fritidsbustadføremål, for å oppretthalde ein tett busetnad, utnytte eksisterande infrastruktur og redusere transportavstandar.
- Eksisterande og framtidige byggjeområde for bustader skal ha tilfredsstillande mobil- og breibanddekning.
- Innanfor tettbygde område og tomtar som ligg i gang-/sykkelavstand til private og offentlege tenester skal det opnast for bruksendring frå fritids- til bustadføremål.
- Tomtar for spreidd bustadbygging skal vere tilgjengeleg i alle bygdene, for å sikre eit variert tomtetilbod og gje høve til tilbakeflytting til dei som ynskjer det. Tomtar bør leggjast i område med eksisterande avkøyrsle frå fylkesveg og etablert infrastruktur.
- Det skal leggjast til rette for attraktive tomtar i sjønære område. Byggjegrense mot sjø skal fastsetjast etter nærare vurdering av omsynet til naturmiljø, landskap og friluftsliv.
- Det skal leggjast til rette for gode grøntareal i sentrum og andre bustadområde, for å skape attraktive, uformelle møteplassar.

AREALSTRATEGI FOR FRITIDSBUSTADER

Hovudvekta av framtidige fritidsbustader skal leggjast i hyttefelt og i tilknyting til etablert

infrastruktur. I område for spreidd bygging skal det opnast for både bustad- og fritidsbustadbygging.

I tettstadane skal det kunne opnast for kombinerte føremål næring/fritidsbustad innanfor definerte område.

AREALSTRATEGI FOR INDUSTRI OG KONTORARBEIDSPLASSAR

Kommunen skal i størst mogleg grad leggje til rette for at etablerte industriaktørar har naudsynt areal for å kunne oppnå ønska vekst dei neste 10 åra. Ved vurdering av nye industriareal vil transportbehov, miljøomsyn som ureining og fjernverknad, samt nærleik til etablerte bustadområde, vere viktige tema for konsekvensutgreiing (KU).

Det skal vurderast behov for areal til etablering av næringsklynger/næringsparkar i tettstadar og grender. Ved lokalisering av ny næringsverksemd skal avstand til bustadområde og behovet for gang- og sykkelvegar vurderast.

Det skal vurderast aktuelle areal for landbasert akvakultur.

AREALSTRATEGI FOR NATURRESSURSAR

Arealdelen til kommuneplanen skal vere restriktiv med å opne for nye store område for råstoffutvinning.

Det skal tilretteleggjast for mindre masseuttak i tilknyting til tettstadane, for å redusere transportavstand og utslepp ved transport av massar. For mindre uttaksområde for lokale entreprenørar/ lokal bruk skal nær- og fjernverknad for t.d. bustader og friluftsliv, samt vegnett, miljøomsyn som naturmangfald, støy og transportbehov vektleggast.

Arealdelen skal ikkje opne for nye område eller utviding av eksisterande område for vindkraft.

Det skal takast omsyn til jordvern ved plassering av nye byggjeområde for bustad og næring.

AREALSTRATEGI FOR HAVBRUK OG FISKERI

Viktige gytefelt og område for kystfiske skal ivaretakast og vektleggast i arealdelen. For nye område for akvakultur kan det stillast krav om detaljregulering.

Arealdelen skal ikkje opne for område for utbygging av havvind.

Anna aktivitet knytt til fornybar energi, som t.d. bølgjekraft og vasskraft, skal vurderast opp mot KU-tema der verknad for naturmangfald og strandsone er særleg viktig.



AREALSTRATEGI FOR TURISME

Arealaldelen skal leggje til rette for at etablerte turist-verksemder skal ha naudsynt areal for å oppnå ønska vekst dei neste 10 åra. Det skal også leggjast til rette for nye etableringar/- aktørar.

Behovet for næringsutvikling og arbeidsplassar, t.d. satsing på reiseliv og turisme, skal vektleggjast ved vurdering av tiltak i 100 m-beltet. Sjøretta reise-livsanlegg, som t.d. rorbuer for utleige, bør samlast og lokaliserast i tilknyting til anna utbygging, i område som er regulert til føremålet eller der det ikkje er i konflikt med allmenne interesser (avklarast gjennom KU).



AREALSTRATEGI FOR FRILUFTSLIV, NATURMILJØ OG KULTURLANDSKAP/ KULTURMINNE

Arealdelen skal ivareta viktige naturområde, med særskilt fokus på å unngå inngrep i naturområde som blir nytta til rekreasjon for lokalbefolkninga og for besøkande.

Verdiane i kulturlandskap, kulturmiljø og kulturminne skal ivaretakast og i størst muleg grad gjerast tilg-jengeleg for allment friluftsliv.

Viktige kulturminne skal visast med omsynssone i arealdelen.

Det skal kunne opnast for bruksendring av naust og sjøbuer til andre føremål.







AREALSTRATEGI FOR INFRASTRUKTUR

Arealdelen skal vise arealbehovet for realisering av Kystvegen og for kjende flaskehalsar på riks- og fylkesvegane.

Behov for gang- og sykkelvegar mellom bustadområde og skular/arbeidsplassar skal vurderast.

Det skal planleggjast for gang- og sykkelvegar i rimeleg avstand frå oppvekstsentra og område med sentrumsfunksjonar, for å auke delen gåande og syklande og redusere utslepp til transport.

Behov for ny infrastruktur som t.d. parkeringsplassar i tilknyting til viktige friluftsområde skal takast omsyn til.

Ved lokalisering av nye byggjeområde skal det vurderast høve til utviding/tilknyting til kommunale vassverk og avløpsanlegg.

AREALSTRATEGI FOR TETTSTADUTVIKLING

Bremanger kommune skal ha hovudfokus på å utvikle kommunesenteret Svelgen og dei andre tettstadane i kommune, ved å setje av areal til sentrumsfunksjonar, servicenæring og ulike typar bustader.

Det skal setjast av bilfrie areal til uformelle møteplassar i tettstadane våre. Møteplassane skal ha universell utforming og kunne brukast av folk i alle aldrar.

Behovet for areal til bustad og næring i tettstadane skal vurderast.

I tettstadane skal behovet for fortetting og byutvikling leggjast vekt på ved vurdering av tiltak i 100 m-beltet. For utbygde område i strandsona kan kommunen fastsetje ny byggjegrense i samband med kartlegging av funksjonell strandsone.

Definisjonar:

Tettstad (SSB): Ei hussamling der det bur minst 200 personar (ca. 60-70 bustader). Avstanden mellom husa skal normalt ikkje overstige 50 meter. Det kan vere eit skjønsmessig avvik utover 50 meter mellom husa i område som ikkje skal eller kan byggjast ut. Dette kan t.d. vere parkar, idrettsanlegg, industriområde eller naturlege hindringar som elvar eller dyrkbare områder. Husklynger som naturleg høyrer med til tettstaden vert teke med inntil ein avstand på 400 meter frå kjernen i tettstaden (tettstadssatellittar). Svelgen, Kalvåg, Hauge (Struen-Igland) i Bremanger kommune.

Tettbygde område: Område som har kort avstand mellom bustadhus. Kan brukast både om eit avgrensa område innanfor ein tettstad eller om område/strøk som har tettstadpreg men ikkje oppfyller dei definerte krava til tettstad. T.d Davik, Berle, Ålfoten, Rugsund, Leirgulen, Midtgulen (Sandvika, Ytrehus)

Lokalsenter: Eit senter for eit større nærområde/bygd i kommunen. Senteret kan innehalde handel, næring, bustader, kultur, offentleg og privat tenesteyting som er retta mot det området senteret skal tene og som kun er dimensjonert for å dekke lokale behov.

Sentrumssone: Ei eller fleire sentrumskjerner (dei viktigaste områda med sentrumsfunksjonar) og ei sone på 100 m rundt.

I fylgje pkt 3.3 i Regional planføresegn om lokalisering av handel og kjøpesentra (2017) skal all handelsverksemd som regel lokaliserast i sentrumsområde. Avgrensing av sentrumsområde skal vere fastsett i gjeldande kommuneplan.


STARBOARD



Kommuneplanen sin samfunnsdel
2021–2033

Bremanger kommune
Tlf.: 57 79 63 00
Fax: 57 79 12 49
E-post: post@bremanger.kommune.no
All offentleg post, jf. offentleglova,
til og frå kommunen blir vist på postlista.

Postadresse:
Bremanger kommune
Rådhuset
Postboks 104
6721 Svelgen

Besøksadresse:
Bremanger kommune
Granden 4
6723 Svelgen

Opningstid:
Måndag til fredag kl. 08.00–15.30

Design:
Blåmyra

Foto:
Helle Frogner
(forside, s. 4, 6, 8, 13, 18, 20, 22, 24, 26, 28–30)
Shutterstock (s. 7, 10, 12)
Unsplash (s. 12, 29)

bremanger.kommune.no